

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (A):

«Første kulepunkt i uttaleforslag nr. 1 endrast til «Pensjonistene må få tilbake forhandlingsretten», og første setning i sjølve teksten omgjerast til eit fjerde kulepunkt: «Om partene ikke oppnår enighet, skal trygdeoppgjøret videresendes til Stortinget.»

Gunvor R. Opedal (PF) sette fram følgjande forslag (A):

«Ein innfører kulepunkt i innleiinga i uttaleforslag nr. 5, før resten av teksten følgjer som bakgrunn:

Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd vil:

- Oppfordre reiseoperatører til å legge opp turtilbod frå heile landet.
- Stille krav til reiseoperatører og hotell om å fjerne enkeltromstillegg.

[Her følgjer bakgrunn: Den nasjonale konferansen for fylkeskommunale eldreråd vil innstendig oppfordre ...]»

Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV) sette fram følgjande forslag:

«Ny tittel på uttaleforslag nr. 6:

Det må leggjast til rette for auka IT-kompetanse blant eldre.»

Gunvor R. Opedal (PF) sette fram følgjande forslag (B):

«Solbakken sitt forslag vert ny underoverskrift på uttaleforslag nr. 6.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag (B):

«Forslaga til uttalar vert diskutert vidare med deltakarane på Vestlandskonferansen.»

Fylkeseldrerådet sa seg samrøystes einige i (redigert) uttale nr. 2, 3, 4, 7, og 8.

Røysting

Falao Sparre sitt forslag (A) vart samrøystes vedteke.

Opedal sitt forslag (A) vart samrøystes vedteke.

Solbakken sitt forslag vart vedteke med 6 røyster mot 1 røyst for Opedal sitt forslag (B).

Falao Sparre sitt forslag (B) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet stiller seg bak (redigert) uttale nr. 2, 3, 4, 7, og 8. Fylkeseldrerådet vil diskutere forslaga til uttalar med deltakarane på Vestlandskonferansen, men går inn for å framsetje endringsforslag til (redigert) uttale nr. 1, 5 og 6 på den nasjonale eldrerådskonferansen slik:

- Første kulepunkt i uttaleforslag nr. 1 endrast til «Pensjonistene må få tilbake forhandlingsretten», og første setning i sjølve teksten gjerast om til eit fjerde kulepunkt: «Om partene ikke oppnår enighet, skal trygdeoppgjøret videresendes til Stortinget».

- Ein innfører to kulepunkt (1. Oppfordre reiseoperatørar til å legge opp turtilbod frå heile landet. 2. Stille krav til reiseoperatørar og hotell om å fjerne enkeltromstillegg) i innleiinga i forslag nr. 5, før resten av teksten følgjer som bakgrunn.
- Forslag nr. 6 får følgjande overskrift: «Det må leggjast til rette for auka IT-kompetanse blant eldre.»